

UKM 03/15 Valg

Ungdommens kyrkjemøte skal gjennomføre to val under UKM.
Det er sett ned ein valkomité som vil arbeide med å finne kandidatar til vala.

1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 201

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet 6.–12.april 2016 i Trondheim. UKM delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane skal, i samsvar med UKMs forretningsorden, nemnast ut av Utval for ungdomsspørsmål. Dei tre andre skal veljast av UKM.

Det skal veljast tre delegatar. Tenk på alder, kjønn og geografi.

2. Val av to representantar til Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Til Ufung skal det veljast representantar for to år om gongen.

I løpet av året har Ufung 4–5 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvstakt bli dekte.

Det skal veljast to representantar for to år. Tenk på alder, kjønn og geografi.